



Hammar-Kameratane AS  
Hella 60  
5936 MANGER

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/1596 - 18/13997

Saksbehandlar:

Stian Marøy

Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:

24.09.2018

## Byggesak Gbnr 45/1/84 og 45/322 Manger - arbeids- /reiskapsbygning Manger kyrkje - igangsetjingsløyve

Delegasjonssak nr.: 248/2018

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

**Adresse** : Radøyvegen  
**Tiltakshavar** : Radøy Sokn  
**Ansvarleg søker** : Hammar-kameratane AS  
**Søknadstype** : Søknad om igangsetjingsløyve

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for oppføring av arbeids- og reiskapsbygning.

Kommunen har i vedtak av 19.06.2018 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.09.2018 og supplert den 24.09.2018.

### Uttale frå anna styresmakt

Arbeidstilsynet har i brev av 25.08.2018 samtykke til tiltaket på vilkår:

### Arbeidstilsynets vedtak

Arbeidstilsynet gir med hjemmel i arbeidsmiljøloven §§ 18-9 og 18-6 sjette ledd samtykke til planene på følgende vilkår:

1. Planene for ventilasjon med tegninger og dokumentasjon etter sjekklister i veiledning best nr 444, skal sendes arbeidstilsynet snarest mulig og i god tid før arbeidet starter opp.  
Jf. Arbeidsmiljøloven §§ 4-4 (1) og 18-9

Vilkårene for dette samtykket skal følges opp av tiltakshaveren, eventuelt i samarbeid med arbeidsgivere/leietakere, jf. arbeidsmiljøloven § 18-6 sjette ledd. Se også § 1-3 tredje ledd, i forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler som regulerer utleiers ansvar.

### Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk og avlaup.

Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til kommunal vass- og avlaupsleidning den 19.09.2018.

### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Hammar-kameratane AS**, org.nr. 983 091 539, har erklært ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**.

Føretaket har sentralgodkjenning som delvis dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Hammar-kameratane AS**, org.nr. 983 091 539, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) for arkitektur inkl. stikningsdata, murar og støypearbeid inkl. radon og våtrom.**

Føretaket har sentralgodkjenning som delvis dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Jørund Haugland Entreprenør AS**, org.nr. 892 798 702, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) for grunnarbeid.**

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Vest Rørservice AS**, org.nr. 918 158 111, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) for sanitæranlegg med tilhøyrande leidningsnett.**

Føretaket har sentralgodkjenning som delvis dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Hammar-kameratane AS**, org.nr. 983 091 539, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) for utstikking av tiltak, innmåling, murar og støypearbeid inkl. radon og våtrom.**

Føretaket har sentralgodkjenning som delvis dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Jørund Haugland Entreprenør AS**, org.nr. 892 798 702, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) for grunnarbeid.**

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Vest Rørservice AS**, org.nr. 918 158 111, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **utførende (UTF) for sanitæranlegg med tilhørende leidningsnett.**

Føretaket har sentralgodkjenning som delvis dekker ansvarsområdet.

FØRETAK	SENTRAL GODKJENNING	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
<b>Hammar-kameratane AS</b> , org.nr. 983 091 539	(X)	SØK	1	<b>Ansvarleg søkjar</b>
<b>Hammar-kameratane AS</b> , org.nr. 983 091 539	(X)	PRO	1	<b>Arkitektur inkl. stikningsdata, murar og støypearbeid inkl. radon og våtrom</b>
<b>Jørund Haugland Entreprenør AS</b> , org.nr. 892 798 702		PRO	1	<b>Grunnarbeid</b>
<b>Vest Rørservice AS</b> , org.nr. 918 158 111	(X)	PRO	1	<b>Sanitæranlegg med tilhørende leidningsnett</b>
<b>Hammar-kameratane AS</b> , org.nr. 983 091 539	(X)	UTF	1	<b>Utstikking av tiltak, innmåling, murar og støypearbeid inkl. radon og våtrom</b>
<b>Jørund Haugland Entreprenør AS</b> , org.nr. 892 798 702		UTF	1	<b>Grunnarbeid</b>
<b>Vest Rørservice AS</b> , org.nr. 918 158 111	(X)	UTF	1	<b>Sanitæranlegg med tilhørende leidningsnett</b>

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

#### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a, 20-2 a og 20-3 vert det gjeve løyve til igangsetjing for oppføring av arbeids- og reiskapsbygning som omsøkt på følgjande vilkår:**

1. Rammeløyve av 19.06.2018 med vilkår gjeld for tiltaket.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk og avlaup i samsvar med løyve til påkopling datert 19.09.2018, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
3. Vilkår gjeve i samtykke frå Arbeidstilsynet er gjeldande.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## Bortfall av løyve

Om byggarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet i sak 159/2018 er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Plassering av bygning på tomta skal dokumenterast seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve for oppdatering av kommunen sitt kartverk. Innmålingsdata må sendast inn i KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare).

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 18/1596

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.10	Basisgebyr igangsetjingsløyve	1	3 200,-

	Totalt gebyr å betala		3 200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

### **Klage på gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

### **Klage på vedtak:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Stian Marøy  
ingeniør/byggjesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Radøy Sokn	Idrettsvegen 1	5936	MANGER
------------	----------------	------	--------

### **Mottakere:**

Hammar-Kameratane AS	Hella 60	5936	MANGER
----------------------	----------	------	--------

